



Notat Sykkel – Oppfølging og tiltak

Utval Klima Miljø og Beredskap

Voss herad har ingen vedteken sykkelstrategi eller handlingsplan for å lyfte Voss som sykkelbygd. I Voss sin vedtekte klimaplan *Vossaklima 2030*, vert det vist til at ein skal *Utarbeida og iverksetja Voss herad sin eigen sykkelstrategi* (s.24). I klimabudsjett for 2024 er det lagt inn 50.000 kr til «sykkelstunt» samt 50.000 kr til snarvegprosjekt. Utover dette ligg det ikkje midlar til oppfølging av sykkeltiltak.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal snart i gang, og temaet sykkel kan spelast inn til desse prosessane for å komme vidare med arbeidet. Dette gjeld fyrst og fremst overordna strategi for å sikre ambisjonar og sjå på overordna sykkelnett i Voss herad.

Tiltak som betrar framkommelegheit med nye trasear og eit godt nett av sykkelveggar, kan vera krevjande prosessar og dyre tiltak som ofte involvera fleire partar enn kommunen sjølv. I Voss herad er det mykje fylkes- og statleg vegnett og det er krevjande i høve gjennomføring. Tiltak på sykkelnett/veg må ofte knytast til planar, og medfører større prosessar.


Samtidig kan ein jobba med handlingsplan for gjennomføring av ulike tiltak. For at fleire skal nytte sykkel er det mellom anna viktig å få på plass tilstrekkeleg og rett type parkering i sentrum og andre lokal- og nærsenter.

Voss har i dag utfordringar knytt til tjuveri av sykklar og manglar gode låsbare parkeringsplassar. Det vil vera nyttig å lyfte tema og lage ein ambisjon eller handlingsplan som seier noko om korleis ein kan betre denne situasjonen. Ein kan starte med enkle tiltak og dei lågt hengande frukta i fyrste omgang. Slik kan ein stegvis lyfte fram Voss som sykkelbygd.

Handlingsplanen kan mellom anna sei noko om tilrettelegging/ ambisjon for sykkel i kommunale byggeprosjekt. Det er viktig å kople dette til alle pågåande prosjekt, både i offentleg og privat regi.

Det kan og vera relevant å knyte handlingsplan for sykkel til Klimabudsjettet, og sette av midlar til tiltak der. Då kan det vera mogleg å sette i gang eigne prosjekt for sykkel hvis ein har budsjett på plass. Tilgang på låsbar og trygg sykkelparkering, kan i tillegg til å vera eit ledd i å redusere biltrafikk vera viktig for næringsutvikling og turisme mm. Mangel på trygg parkering kan vera ein barriere for at folk sykklar.

Haldningskampanjar som set fokus på tema kan også vera nyttig for at fleire skal velje sykkel. Det kan vera gunstig å kople slikt arbeid til gjennomføring av prosjekt/ tiltak. Eksempel på tiltak kan vera sykkelstativ, parkering med tak eller låsbare rom/ boksar mm.





Gode eksempel

Stavanger vart kåra til sykkelby i 2022. Stavanger kommune har over tid jobba strategisk og godt med å legge til rette for at fleire skal sykle. Det er utarbeida temaplan for sykkel som er fylgt opp med sykkelprioriterte gater og sykkelparkering. I lenka under ligg tilgang til temaplan, oversikt over hovudnett, støtteordningar til sykkelparkering, prinsipp og veiledning til god sykkelparkering mm.

<https://www.stavanger.kommune.no/vei-og-trafikk/stavanger-pa-sykkel/>

Oslo kommune har også lang erfaring og kompetanse på sykkel, lenke under til sykkelstrategi.

<https://www.oslo.kommune.no/gate-transport-og-parkering/sykkel/sykkelstrategier-og-dokumenter/>

